# Meland kommune

Liv Hopland Van Der Kooij
Hoplandsvegen 141
5919 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Roba Al Serhan | 04.12.2019 |
| Vår: 19/2046 - 19/24983 | robaal.serhan@meland.kommune.no | |

## Godkjenning fritak gjødselplan GBNR 15/1

**Administrativt vedtak. Saknr: 294/2019**

**Saksutgreiing:**

Liv Hopland van der Kooij har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gnr 15 , bnr 1 . Ho driv med sau og driftsforma er utegangardrift. Det vert ikkje samla opp husdyrgjødsel som skal spreiest . Det vert ikkje nytta handselsgjødsel på bruket. Grovfor til vinterfor vert kjøpt . Naboen til søkaren som disponerer resten av slåttemarket får den husdyrgjødsla som vert samla opp og spreier den på bøen.

**Vurdering:**
I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera for kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ektensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling. Søkaren har stort areal i høve til dyretalet.
Det vert ikkje nytta gjødsel på brukek. Kommunen har dirfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

**Vedtak**

Meland kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispenasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 01.12.2024 for gnr. 15 , bnr. 1 , då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Vedtaket kan påkages etter Forvaltningslova § 28 .

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Roba Al Serhan

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Liv Hopland Van Der Kooij | Hoplandsvegen 141 | 5919 | FREKHAUG |